

Fra: Anna Bergitte Skårland <absk@haa.kyrkja.no>
Sendt: 14. juni 2017 21:42
Til: KR-Postmottak
Emne: Høring valg av menighetsråd og bispedømmeråd

Her er svar på høring fra Varhaug sokneråd. Vennlig hilsen Anna Bergitte Skårland, Varhaug sokneråd

Vedtak

Varhaug sokneråd har hatt høyringa oppe til handsaming, og vil koma med fylgjande uttale:

Varhaug sokneråd fekk veta om høyringa ved ein tilfeldigheit. Soknerådet har ikkje fått denne saka tilsendt. Dette må ikkje skje igjen ved andre høyringer.

Kommentarer til ulike punkt.

2.1 Direkteval eller kombinasjonsval

Vi ser det slik at ordning som gjeld i dag med berre direkteval, ikkje gjev nokon formelle linjer mellom dei ulike sokneråda og Bispedømmeråd/ kyrkjemøte. Soknerådet er av den oppfatninga at ein gjennomgåande representasjon vil vera med på å styra legitimiteten og samanhengen mellom dei ulike valte råd og organ.

Ideelt sett bør ein difor ha eit kombinasjonsval, der tre leke medlemmar blir valt i direkte val og fire leke medlemmar blir valt av og blant dei innvalgte medlemmane i sokneråda. Desse bør bli lagt fram som forslag av ein eigen nominasjonskomite, etter at valet av sokneråd er gjennomført.

Vi meiner difor at det må innførast eit kombinasjonsval, og at dette ikkje blir valfritt og regionalt tilpassa.

2.2 Fleirtals – og forholdstalsval

Her ynskjer vi at pkt. 2 skal gjelda. Alle lister må stillast likt og ha same fristar.

Om det blir forskjellige fristar som pkt 3 gir adgang til, er det fare for at nye lister kjem opp som ein protest mot dei allereie føreliggande- fordi ein er misnøgd med listene/ kandidatane.

Vi støtter at det kan bli opna for suppleringsnominasjon. Men då må dette gjelda alle lister, ikkje berre nominasjonskomiteen si liste.

2.3 Tilskot

Alle skal ha same moglegheit for informasjon. Men ein må ikkje skapa forventningar om store støttebeløp.

Støtta må vera begrensa til ei listestøtte med eit maksimalt beløp på kr. 75.000 pr. liste pr. bispedøme.

2.4.1. Personlige stemmer og strykninger

Varhaug sokneråd går imot at det blir gjeve opning for stryking av kandikatar i listene.

2.4.2 Sperregrense

Vi ynskjer ingen sperregrense mot personlege røystetal i personvalet (jfr. Pkt . 3).

2.4.3 Stemmetillegg

Vi ønsker ikkje at det vert innført ei ordning med røystetillegg ved val av sokneråd og bispedømmeråd/ kyrkjemøte.

2.5.2 Stemmegivning

Vi støtter ikkje det framlagte forslaget om opning for val i andre sokn.

Vi meiner at det på valdagen ikkje skal vera mogleg å røysta i andre sokn enn der ein bur.

3.2.2 Manntal

Vi støtter ikkje ein ny skjæringsdato for medlemsregisteret på 1. september. Vi ynskjer å halda på dei same reglane som det offentlege valet opererer med, nemleg 30. juni i valåret.

4.2.4. Røystesetlar

(4.2.4.1) Vår erfaring med å trykka røystesetlar sjølv var berre god. Vi hadde heile tida nok røystesetlar og kunne raskt trykka opp fleire om det vart behov.

Ved ein sentral trykkeprosess får vi forholdsvis store kostnadar i trykking og distribusjon av desse røystesetlane, og ein har heller ingen garanti for at ein har nok røystesetlar.....(eller altfor mange som då må makulerast).

Vår anbefaling utifra eit praktisk og miljømessig synspunkt er at kvart fellesråd trykker opp det antalet stemmesedler som ein har bruk for.

(4.2.4.2) Dette støtter vi fullt ut.

4.4 Førehandsrøyster

Det bør presiserast at det må vera anledning til å avgje røyst på (minimum) eit kyrkjekontor i kvar kommune.

Utifra kostnadar og budsjett må ein ikkje på nåverande tidspunkt arbeida med ei ordning for internettval. Difor bør heller ikkje valreglane gje nokon hjemmel for at det kan opnast for dette.

7.2 Økonomiske og administrative konsekvenser

Valet er stort og eit prosjekt som krev mange ressursar lokalt. Ein bør difor i større grad begrensa den økonomiske ressursbruken både sentralt og på bispedømenivå, slik at dei enkelte valstader/menighetsråd får den nødvendige økonomien til å gjennomføra vala på ein god og respektabel måte.

Når vi ser på den økonomiske ressursbruken er vi veldig kritiske til at berre 29 mill. kroner er brukt lokalt av ein samla sum på 81,5mill. kroner.